



Bømlo kommune
Rådhuset - Leirdalen 1
5430 BREMNES

Dato: 14.01.2016
Vår ref.: 2014/13696-23
Saksbehandlar: lisadla
Dykkar ref.:

Høyringsuttale - Trafikksikringsplan for Bømlo kommune 2016-2020

Det vert vist til dykker høyringsbrev av 19. november 2015.

Etter Hordaland fylkeskommune sitt syn har Bømlo kommune gjort eit godt og grundig arbeid i framlegg til ny trafikksikringsplan. Planen har ei god forankring i nasjonale og regionale målsetjingar, og føl med det opp det nasjonale nullvisjonsarbeidet. Vår vurdering er at planen er godt balansert mellom utfordringar, mål, satsingsområde og tiltak. Trafikksikringsplanen har ein god struktur, og det er eit balansert fokus mellom handlingsskapande og fysiske tiltak.

Når det gjeld omtalen av Hordaland fylkeskommune (2.4) så er det vegtrafikkloven sin § 40a som definerer fylkeskommune sitt ansvar for å tilrå og samordne tiltak, - ikkje veglova § 40. Som eit ledd i dette kan ein også nemne Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU), og den oppgåva FTU her har. Særleg relevant her er dei tre tilskotsordningane som kommunane og andre lokale kan nytte seg av, og den årlege trafikksikringskonferansen som FTU arrangerer for kommunane.

Planforslaget gjev ein god oversikt over ulike nasjonale og regionale planar på trafikksikringsområdet. Dette er ei viktig forankring inn i kommunen sitt arbeid. I punkt 3.5 vert det vist til Hordaland fylkeskommune sin handlingsplan for trafikksikring 2014-2017, og gjeldane Regional transportplan (RTP) 2013-2024. RTP er no under rullering, og er planlagt vedteke i juni 2017. Etter at RTP 2013-2024 vart vedteke er trafikksikringsplanen for Hordaland rullert, og vi vil difor gjere merksam på at fylkeskommunen i denne planperioden (2014-2017) har følgjande tre særskilte satsingsområde på trafikksikringsområdet:

- Trafikksikringsarbeid i kommunane
- Møteulykkjer utanfor tettbygde strok
- Mjuke trafikantar i byområde

Vi ser det som svært positivt at «Trafikksikker kommune» vert tillagt slik stor vekt i kommunen sitt forslag til trafikksikringsplan, og at kommunen tek sikte på å verte godkjent som trafikksikker kommune. Dette er eit av dei viktigaste tiltaka Hordaland fylkeskommune har i inneverande planperiode.

Når det gjeld fysiske tiltak på fylkesvegane har Bømlopakken i stor grad medverka til at vegane på Bømlo gradvis har fått eit sikrare vegnett, der trafikksikkerheit og tilhøve for gåande og syklande har blitt forbetra. I planlegginga av prosjekta i Bømlopakken har ein stor fokus på trafikktryggleik og tilhøve for gåande og syklande. Første prosjekt i Bømlopakken vart opna i 2008. Bømlopakken består av 18 enkelprosjekt og det skal byggast for over 1 milliard kr, - i hovudsak på fylkesveg. Etter at alle prosjekta er ferdig utbygd vil i all hovudsak det viktigaste vegnettet på Bømlo ha fått ein vesentleg betre standard, og ikkje minst blitt eit langt tryggare vegnettet.

Som også nemnd i planutkastet så har fylkeskommunen ved Skyss ansvaret for kollektivtransporten i fylket. Frå eit kollektivsynspunkt har vi ingen innvendingar til tiltaka i planen. Når det kjem til den konkrete utforminga av kollektivinfrastruktur som snuplass Nessevegen, haldeplassar Fv 15 Grunnavågen-Hestavollen og haldeplass Kv 1130 Høvringsvikjo, ber vi om at Skyss blir konsultert for at desse løysingane

skal bli best mogleg for drift av busstrafikken. Skyss ønskjer også å bli involvert i utforminga av avkjøringa ved Gassasundet for å sikre at det ikkje vert problem med innkjøring til bussterminalen.

Etter vår vurdering så er dette framleggset til ny trafikksikringsplan eit godt verktøy for trafikksikringsarbeidet i kommunen dei neste fire åra.

John Martin Jacobsen
leiar

Lise Fauskanger Ådlandsvik
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.